



Arkivnr: 2015/8927-12

Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		15.03.2016

#### Klagesak - Klage på vedtak av 11.01.16 om tildeling av drosjeløyve R-214 knytt til Odda Taxilag AS

##### Samandrag

Drosjeløyve R-214 knytt til Odda Taxilag AS vart lyst ledig i pressa 06.11.15. Innan søknadsfristen gjekk ut 27.11.15 hadde det meldt seg to søkerar, Evald Jåstad og Izabela Renata Prestegård.

Jåstad leverte søknad utan vedlegg. Han ettersendte skatteattest og stadfesting frå konkursregisteret i midten av desember 2015 og opplyste at det var ventetid på politiattesten. Jåstad har ein ansiennitet på 8 år 2 månader og 16 dagar. Prestegård leverte søknad med alle vedlegg bortsett frå politiattest p.g.a. restansar hjå politiet. Ho leverte politiattest 09.12.2015. Prestegård har ein ansiennitet på 1 månad og 13 dagar.

Seks veke etter søknadsfristen gjekk ut var det berre Prestegård som oppfylte alle vilkår etter regelverket. Drosjeløyve R-214 vart tildelt til Prestegård 11.01.2016.

Jåstad leverte politiattest etter tildelingsvedtaket, den 13.01.2016. Han klaga over tildelinga den 14.01.2016. Klaga er rettidig.

Fylkesdirektør samferdsel har vurdert klaga og fatta vedtak om ikkje å ta klaga til følgje.

Fylkesrådmannen har vurdert saka og klaga og rår til at klaga frå Evald Njåstad over fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak om ikkje å tildela han ledig drosjeløyve R-214 tilknytt Odda Taxilag AS ikkje vert teken til følgje.

##### Forslag til vedtak

Klaga frå Evald Njåstad over fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak om ikkje å tildela han ledig drosjeløyve R-214 tilknytt Odda Taxilag AS vert ikkje teken til følgje.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg: Klage fra Evald Jåstad

**Fylkesrådmannen, 18.02.2016**

### **Bakgrunn**

Drosjeløyve R-214 knytt til Odda Taxilag AS vart lyst ledig i pressa 06.11.15. Innan søknadsfristen gjekk ut 27.11.15 hadde det meldt seg to søkerar Evald Jåstad og Izabela Renata Prestegård.

Evald Jåstad er i dag løyvehavar tilknytt Nå Taxi. Han har ein ansiennitet på 8 år, 2 månader og 16 dagar. Jåstad sin søknad er datert 27.11.2015. Søknaden vart sendt per post og hadde ingen vedlegg. På søknadsskjemaet har Jåstad notert at alle nødvendige vedlegg til søknaden vert ettersendt. Jåstad kontakta samferdselsavdelinga på telefon og opplyste at politiattesten var forseinka og fekk til svar at ein var innforstått med ei viss ventetid på politiattest. I midten av desember 2015 sendte Jåstad inn skatteattest datert 16.12.15 og attest frå konkursregisteret datert 01.12.2015.

Izabela Renata Prestegård har ikkje løyve frå før. Ho har ein ansiennitet på 1 månad og 13 dagar. Prestegård sin søknad er datert 27.11.2015. Søknaden var vedlagt alle nødvendige vedlegg, med unntak for politiattest. Vedlagt søknaden var stadfesting på bestilling av politiattest 02.11.15. Politiattesten vart ettersendt og er datert 09.12.15.

Seks veke etter søknadsfristen fatta fylkesdirektør samferdsel vedtak av 11.01.16 om tildeling av drosjeløyve R-214 til Izabela Renata Prestegård. Den 13.01.2016 sendte Jåstad inn politiattest datert 12.01.2016. Han klaga over vedtaket ved klage datert 14.01.16. Klaga er rettidig.

Fylkesdirektør samferdsel har vurdert klaga og gjort slikt vedtak:

«Klage frå Evald Jåstad over tildelingsvedtak av 11.01.2016 - drosjeløyve R-214 knytt til Odda Taxilag AS – vert ikkje teken til fylgje.»

Saka er oversendt klagenemnda for behandling.

### **Rettsleg grunnlag**

*Yrkestransportlova § 4, andre ledd.*

Løyve kan tildelast den som:

- a) driv ei fast og varig verksemد i Norge,
- b) har god vandel,
- c) har tilfredsstillande økonomisk evne, og
- d) har tilstrekkelig faglig kompetanse

*Yrkestransportforskrifta § 6, tredje ledd. Krav om god vandel*

Søknad om løyve skal vedlegges politiattest, jf. § 10. Politiattesten skal ikke være eldre enn tre måneder og den skal makuleres etter at klagefristen på løyvetildelingen har gått ut.

*Yrkestransportforskrifta § 7, tredje ledd. Krav til økonomisk evne*

Økonomikravet anses likevel ikke å være oppfylt dersom søkeren har vesentlige, forfalte men ikke betalte gebyr-, avgifts- eller skatterestanser eller er under konkursbehandling. Søknaden skal vedlegges attest om restanser på skatt, avgift mv. fra kommunekasserer og skattefogd og bekreftelse fra konkursregisteret. Attestene skal ikke være eldre enn tre måneder.

*Yrkestransportforskrifta § 43. Tildeling av løyve, fortrinnsrett*

Dersom ikke særlige grunner taler mot at vedkommende gis løyve, har søker med minst to års ansiennitet som full tids drosjefører i løyvedistriktet fortrinnsrett til løyve som blir ledig ved at en løyvehaver dør eller opphører med virksomheten.

Ansiennitet som full tids drosjefører regnes kun hvis drosjeyrket er utøvd som vedkommendes hovedverv. Er det flere søkere som oppfyller dette krav, gis den søker som har lengst ansiennitet fortrinnsrett. Fortrinnsretten gjelder bare for tildeling av ett løyve. (...)

#### *Yrkestransportforskrifta § 44. Tildeling av løyve, uten fortrinnsrett*

Er det ikke noen søker som har fortrinnsrett etter § 43 avgjør fylkeskommunen etter eget skjønn hvem som skal tildeles løyve. Herunder kan det gis løyve til innehaver av drosjeløyve og til selskap eller annen juridisk person.

#### **Klage frå Evald Jåstad**

Jåstad meiner at hans manglande levering av politiattest ikkje er grunnlag for å tildela drosjeløyve R-214 til Prestegård. Han hevdar at politiattesten var forseinka med 8 veke fordi politiet har for mykje å gjera på grunn av asylsøkjarane som kom inn i landet. Han viser til at han har vore løyvehavar i Odda Taxilag AS i 2 år tidlegare. Jåstad viser elles til at han kontakta samferdselsavdelinga om at politiattesten kunne verta forseinka og fekk forståing for det.

#### **Fylkesdirektør samferdsel si vurdering**

«Dei fire generelle krava i yrkestransportlova § 4, andre ledd er kumulative. Det vil seia at alle må vera oppfylte for at tildeling skal kunne skje. Desse krava gjeld uavhengig av lengda på ansienniteten og fylkesdirektør samferdsel har ikkje heimel for å gjera unntak frå desse reglane. Det går fram av søknadsskjema for søknad om drosjeløyve i Hordaland kva som er «Nødvendige vedlegg til søknaden». Hordaland fylkeskommune nyttar ein søknadsfrist på 3 veke frå utlysingsdato. Søknadsfristen er rimeleg for å kunna skaffa fram nødvendige vedlegg. Bestilling av skatteattest, stadfesting frå konkursregisteret og politiattest kan skje elektronisk. Det er berre for politiattest at det i dag er ventetid. Politiet har opplyst at ventetida er 6 veke.

Jåstad leverte søknaden utan vedlegg. Søknaden var såleis ufullstendig og kunne ikkje handsamast etter yrkestransportregelverket. Det var framleis ikkje mogleg å vandelskontrollera Jåstad då det var gått 6 veke etter søknadsfrist.

Prestegård leverte ein fullstendig søknad, med unntak for politiattesten. Ho dokumentert både at ho hadde bestilt politiattest og at ho purra på attesten 19. november. Politiet svarte henne på e-post 24.11.2015 og opplyste at venteida var 6 veke. Ho fekk politiattest 6 veker etter bestilling.

Jåstad har lengst ansiennitet og meiner at han har føretrinnsrett. Det tok omlag 3 veke etter søknadsfristen før Jåstad leverte skatteattest og stadfesting frå konkursregisteret. Dateringane på desse attesten tyder på at Jåstad ikkje tok initiativ til å skaffa dei nødvendige vedlegg til søknaden før søknadsfristen gjekk ut, slik føresetnaden er. Politiattesten kom meir enn 6 veke frå søknadsfristen. Alt tyder såleis på at Jåstad ikkje sette i gang arbeidet med å skaffa nødvendige vedlegg til søknaden før søknadsfristen gjekk ut. Det Jåstad i røynda hevdar med klaga, er at samferdselsavdelinga skulle utsetja tildelinga til han hadde klart å få alle nødvendige vedlegg på plass. Samferdselsavdelinga venta i 6 veke etter søknadsfrist. Frå utlysingsdato hadde det då gått 9 veke. Etter løystestyresmakta sitt skjønn er dette rimeleg tid å skaffa alle nødvendige vedlegg, også på ei tid der politiet har ventetid. At Jåstad ikkje har nytta søknadsfristen på 3 veke til å skaffa nødvendige vedlegg, må vera hans eige ansvar.

Drosjeløyve R-214 har vore ute av drift sidan 15. desember 2015. Av omsyn til publikum er det viktig at R- 214 vert sett i drift. 6 veke etter at søknadsfristen gjekk ut, fann samferdselsavdelinga det

rimeleg å tildela drosjeløyve til den søkeren som oppfylte alle dei kumulative vilkåra etter yrkestransportlova § 4. Førretrinnsrett etter yrkestransportforskrifta § 43, gjeld i dei tilfelle der fleire søkerar oppfyller dei kumulative krava i yrkestransportlova § 4, jf. yrkestransportforskrifta § 4 og der fleire søkerar har minst to års ansiennitet, jf. forskrifta § 43, tredje ledd. På vedtakstidspunktet den 11.01.2016 var det berre 1 søker som oppfylte dei kumulative vilkåra i yrkestransportlova § 4, og det var Prestegård. Førretrinnsretten i yrkestransportforskrifta § 43 kom derfor ikkje til anvending.

Fylkesdirektør samferdsel finn ikkje grunn for å omgjera tildelingsvedtaket av 11.01.2016».

#### **Fylkesrådmannen si vurdering.**

I følgje yrkestransportlova § 4, andre ledd er det rekna opp krav til kva ein søknad om drosjeløyve skal innehalda og kva som skal leggjast fram som dokumentasjon. Dette er absolutte krav som alle må føreliggja, dersom ein skal kunna tildelast eit løyve.

Den som er tildelt løyve leverte ein fullstendig søknad, med unntak av politiattesten. Ho dokumentert både at ho hadde bestilt politiattest og at det var purra på attesten 19. november. Politiet svarte på e-post 24.11.2015 og opplyste at venteida var 6 veker. Ho fekk politiattest 6 veker etter bestilling. Politiattesten vart ettersendt og er datert 09.12.15. Drosjeløyve vart lyst ledig i pressa 06.11.15 og søknadsfristen var sett til 27.11.2015. Slik fylkesrådmannen ser dette bør søkerane så raskt som mogeleg etter at utlysinga har funne stad venda seg til dei instansar ein treng opplysningar frå, slik at dette kan leggjast fram så raskt som mogeleg sett i høve til søknadsfristen. I denne saka har den som har fått tildelt løyve har gjort dette sidan det gjekk nesten 6 veker frå utlysningstidspunktet til politiattesten førelåg. Denne søkeren opplyste og i søknaden at det var ventetid på politiattest og at denne ville verta sendt så snart den førelåg. Det var og lagt ved dokumentasjon som viste at det var bestilt slik attest.

Klagaren hadde ikkje vedlagt søknaden sin noko dokumentasjon. Dokumentasjon forutan politiattest vart sendt inn i midten av desember 2015, skatteattest datert 16.12.15 og attest frå konkursregisteret datert 01.12.2015. Politiattesten vart først sendt inn 13.01.2016. Det var ca. 9 veker etter utlysningstidspunktet og over 6 veker etter søknadsfristen.

Løyvemyndigheta er klar over at det er ventetid på politiattester og har teke omsyn til dette. Det vert ikkje fattar vedtak før det er gått lang nok tid til at slik politiattest kunne leggjast fram.

I denne saka vart det først fatta vedtak om tildeling 9 veker etter utlysningstidspunktet og på den tida burde all dokumentasjon frå søkerane vera komen inn. Det var såleis rimeleg at det vart fatta vedtak etter så lang tid og ein må då leggja til grunn den dokumentasjon som er sendt inn. På vedtakstidspunktet mangla framleis politiattesten til klagaren. Dette medførte at han ikkje tilfredsstilte dei krava som følger av yrkestransportlova § 4. 2.ledd. Klagaren var på bakgrunn av dette ikkje kvalifisert til å kunna tildelast løyve.

Tildelinga av løyvet vert då gjort etter yrkestransportforskrifta § 44, sidan den søkeren som tilfredsstilte krava etter yrkestransportlova § 4 ikkje hadde ansiennitet på meir enn 2 år.

Fylkesrådmannen vil og gjera merksam på at det er lyst eit anna ledig løyve i Odda med søknadsfrist 04.03.2016.

Slik fylkesrådmannen ser denne saka må det vera klagaren som ber risikoen for at han ikkje tilfredsstiller dei krava som er sette for å få tildelt løyve. Det at politiattesten kom inn kort etter at vedtaket var fatta kan ikkje telja med. Her hadde løyvestyresmakta venta i lang tid før dei fatta vedtak. Dei hadde då teke omsyn til at det var ventetid på politiattester. Den andre søkeren leverte sin politiattest i lang tid før klagaren. Denne politiattest vart framlagt i medio desember og var datert 09.12.15. Slik fylkesrådmannen ser saka kunne det og frå klagaren vorte framlagt politiattest tidlegare.

Fylkesrådmannen finn difor at det vedtaket som er fatta om tildeling er fatta på eit rett grunnlag. Det var dokumentasjon som låg føre på vedtaksdatoen som vart lagt til grunn. På det tidspunktet førelåg det ikkje politiattest frå klagaren og dei nødvendige krava i yrkestransportlova § 4 var ikkje tilstade.

Fylkesrådmannen rår på bakgrunn av dette til at klaga frå Evald Njåstad over fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak om ikkje å tildela han ledig drosjeløyve R-214 tilknytt Odda Taxilag AS ikkje vert teken til følgje.